

# Forskrift for innsamling av hushaldsavfall og tömming av slamavskiljarar og tette tankar



Saman om eit betre miljø



Austevoll



Bømlo



Fitjar



Kvinnherad



Stord



Sveio



Tysnes

# INNHOLD

<b>Heimel og verkeområde .....</b>	<b>3</b>
<b>Generelt</b>	
Føremål .....	4
Definisjonar .....	4
Tvungen renovasjon/slamtømming .....	5
<b>Hushaldsavfall</b>	
Kommunen sine plikter.....	6
Abonnenten sine plikter.....	6
Brukaren sine plikter.....	7
Plassering av behaldarar og krav til veg.....	7
Bruk av behaldarar.....	7
Spesielle oppsamlingsordningar.....	8
Heimekopostering.....	8
<b>Slam</b>	
Kommunen sine plikter.....	9
Abonnenten sine plikter .....	9
<b>Gebyr</b>	
Oppbygging av gebyra.....	10
Fastsetjing av gebyr, kven skal betala .....	10
Innkrevjing av renter .....	10
<b>Dispensasjonar, sanksjonar, klager m.v.</b>	
Dispensasjon .....	11
Sanksjonar.....	11
Klage .....	11
Delegering.....	11

## Vedlegg 1

- Utforming og vedlikehald av vegar som skal nyttast til innsamling av hushaldsavfall og slamtømming
- Retningsliner/vegkrav
- Fråsegn om rett til bruk av privat veg

## Vedlegg 2

- Søknad om fritak eller endring frå renovasjonsordning og/eller slamtømmeordning

# KAPITTEL 1

## HEIMEL OG VERKEOMRÅDE

Denne forskrifta er laga med heimel i lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forureiningar og om avfall (forureiningslova) § 9, § 26, § 30, § 31, § 32, § 33, § 34, § 37, § 79, § 83 og § 85, og i lov av 11. april 2003 nr. 23 om endringar i lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forureiningar.

Forskrifta er gjort gjeldande for alle eigedomar i følgjande kommunar som eig SIM (vedtaksdato i parentes):

Austevoll	( 13/11/2007)	Kvinnherad	( 20/12/2007)	Sveio	( 17/12/2007)
Bømlo	( 12/11/2007)	Stord	( 06/12/2007)	Tysnes	(25/09/2007)
Fitjar	( 19/09/2007)				

# KAPITTEL 2

## GENERELT

### § 1. FØREMÅL

Forskrifta skal sikra ei miljømessig og økonomisk forsvarleg oppsamling, innsamling, transport og slutt-handsaming av

- hushaldsavfall
- farleg avfall / spesialavfall
- slam frå slamavskiljarar og tette tankar m.v.

Forskrifta gjeld også avfallsgebyr og slamgebyr.

### §2. DEFINISJONAR

**abonnementeining** er kvart sjølvstendig hus/husvære/bueining/hytte/fritidshus mm med eige eller felles kjøken.

**abonent** er eigar/seksjonseigar eller festar av eide dom som vert omfatta av den kommunale renovasjonsordninga og/eller slamtømmeordninga.

**bioavfall** er organisk avfall/matrestar frå kjøken.

**beholdar** er den oppsamlingseining for avfall som kommunen til ei kvar tid stiller til rådvelde for sine abonnentar. Med behaldar meiner ein alle typar einingar, også sekk og konteinrar.

**brukar** er abonent, eller den som på vegne av abonent, brukar behaldar eller fellesbehaldar.

**fellesbeholdar** er ei oppsamlingseining for avfall som vert stilt til rådvelde for fleire abonnentar, eller for fleire abonnementeiningar.

**hushaldsavfall** er avfall frå private hushald, også større gjenstandar som inventar og liknande.

**farleg avfall** er avfall som på grunn av fare for alvorleg forureining, eller for skade på menneske eller dyr, ikkje kan handsamast i lag med anna hushaldsavfall.

**fritidsbustad** er fråflytta heilårsbustad som vert nytta til ferieføremål og som er godkjent omdisponert av kommunen.

**gebyr** er det som abonenten må betala for å ha tilbod

om gjeldande renovasjonsordning og/eller slamtømmeordning.

**gebyrregulativ** er oppbygging av, og oversyn over, gebyra.

**heimekompostering** er kjeldesortering og lokal disponering av bioavfall.

**hentestad** er staden der renovatøren hentar behaldaren og tømmer/kastar denne i renovasjonsbilen.

**hytte** er feriebustad eller permanent oppsett campingvogn. Med «permanent oppsett» meiner ein oppstilling i 3 mnd. eller meir.

**kjeldesortering** er å halda ulike avfallstypar skilt frå kvarandre heime, utan samanblanding, og å levera dei i/til tilviste behaldarar.

**køyrbart veg** er veg der renovasjonsbilen/slambilen kan køyra lovleg på ein forsvarleg måte. Det vert vist til SIM sine retningsliner for nye transportvegar.

**miljøsentral** er ein innleveringsstad for kjeldesortert avfall, også farleg avfall, og dei delar av hushaldsavfallet som på grunn av storleik, type eller mengde ikkje skal i, eller får plass i, behaldaren som vert henta ved abonenten sin hentestad. Abonenten må sjølv frakta avfallet til miljøcentralen og sortera det.

**oppstillingsplass** er den plassen heime der abonenten til dagleg stiller opp behaldaren sin eller anna innsamlingseining.

**offentleg stad - reinhald** av er ikkje omfatta av denne forskrifta. Oppsamling av avfall frå slik plass må løysast av eigar, jfr. § 35 i forureiningslova.

**renovatør** er SIM, eller person/firma som samlar inn og transporterer hushaldsavfall på oppdrag frå SIM.

**restavfall** er det avfallet som er att etter at kjelde-sorterte fraksjonar er tekne ut.

**returpunkt** er ein ekstra innleveringsstad som abonenten kan bringa (kjelde-)sortert avfall til.

**SIM** er Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS.

**slam** er fekaliar og andre faste element som er del av ordinært sanitært avlaupsvatn frå private eller offentlege avlaupsanlegg. Silgods frå reinseanlegg med spalteopning <3mm vert rekna som slam når sil-anlegget er godkjent som einaste reining av avlaups-vatnet frå sanitæranelegg.

**slamavskiljar** er oppsamlingstank for slam frå sanitært avlaupsvatn frå kommunale eller private avlaupsanlegg.

**slamtømmeutstyr, vanleg**, er slamsugebil med slangeutlegg på 100m eller traktor med gyllevogn.

**spesialavfall** er avfall som på grunn av storleik, fare for alvorleg forureining eller fare for skade på menneske eller dyr ikkje kan handsamast i lag med anna hushalds-avfall.

**tett tank** er oppsamlingstank, utan utlaup, for sanitært avlaupsvatn frå kommunale eller private avlaupsanlegg.

**turisme - avfall frå** er ikkje omfatta av denne for-skrifta. Oppsamling av avfall frå turistar må løysast av den verksemrd, kommune eller vegstyremakt som har ansvar etter forureiningslova §§ 35 og 36.

### § 3. TVUNGEN RENOVASJON OG TVUNGEN SLAMTØMMING

Tvungen communal renovasjonsordning gjeld for alle abonnementeininger i kommunen.

Kommunen kan etter søknad unnta særskilde eige-domar frå renovasjonsordninga. I slike tilfelle må krava etter forureiningslova §§ 7 og 28 vera oppfylte.

At eigedomen er fjerntliggjande eller vanskeleg tilgjengeleg, er ikkje fritaksgrunn dersom hente-staden ikkje er vesentleg vanskelegare tilgjengeleg enn nærmeste veg, busstopp, handelsmann eller offentleg kai/parkeringsplass.

Kommunen kan i unntakshøve, og etter fråsegn frå SIM, vurdera alternative avfallsløysingar. Dette gjeld abonnenter som av omsyn til helse eller funksjonsevne ikkje kan nyttja dei behaldarane som hovudløysinga er tufta på, og kommunen sitt hjelpeapparat heller ikkje kan nyttast. Slike løysingar må passa inn i renovasjons-ordninga totalt sett og ikkje undergrava hovud-intensjonane i ordninga. Søknad må framsetjast skriftleg og vera grunngjeven.

Ein kan fastsetja særskilde ordningar og gebyr for tenester ut over hovudløysinga, så som tillegg for henting av behaldar på oppstillingsplass heime e.l.

I tvilstilfelle er det kommunen som, etter fråsegn frå SIM, avgjer kva som skal rekna som hushaldsavfall. Kommunen eig, og har rett til, verdiane i hushalds-avfallet.

Utan skriftleg løyve frå kommunen må ingen samla inn hushaldsavfall i SIM-kommunane. SIM skal gje førehandsfråsegn i slike saker. Unnateke er dei løyve forureiningsstyremaktene gjev i medhald av forureiningslova § 30, siste setning.

**Tvungen slamtømming** gjeld for alle eigedomar som har slamavskiljar eller tett oppsamlingstank for avlaupsvatn frå sanitære avlaupsanlegg. Ingen har rett til fritak frå tømmeordninga, men dersom anna ikkje er vedteke, gjev kommunen som regel unnatak for eksisterande slamavskiljar/tett tank som er utanfor rekkevidda til vanleg slamsugeutstyr.

På stader der det ikkje er råd å koma til med vanleg slamsugeutstyr, kan SIM krevja særskilt tømmegebyr.

Kvar eigedom som er kopla til felles, privat slam-avskiljar vert vurdert som om den har eigen slam-avskiljar. Alle som er tilkopla felles slamavskiljar står solidarisk ansvarlege for å betala gebyr for den.

Større, private fellesanlegg skal handsamast i samsvar med krava i utsleppsløyvet.

Kommunen kan nekta å gje, og kan også kalla attende, utsleppsløyve for avlaupsvatn dersom det ikkje er til-komst til eigedomen med slamsugebil eller tilsvarande utstyr som slamtømmeordninga til ei kvar tid gjer bruk av.

Utan skriftleg løyve frå kommunen, kan ingen andre enn SIM eller den renovatøren SIM har kontrakt med, henta inn slam i SIM-kommunane.

#### Slamtømmeordninga gjeld ikkje for:

- Grovt silgods frå forbehandlingsanlegg til reinse-anlegg.
- Slam frå olje-, bensin- og feittavskiljarar, og dess-utan slam frå sandfang, unnateke sandfang som er del av kloakkreinseanlegg.
- Slam frå prosessvatn frå industri som skal hand samast i samsvar med utsleppsløyve for verksemda og gjeldande regelverk for industriavlaup til kom munale eller felles, private avlaupsanlegg.

# KAPITTEL 3

## INNSAMLING MM AV HUSHALDSAVFALL

### § 4. KOMMUNEN SINE PLIKTER

For at ny rute for innsamling av hushaldsavfall skal kunna oppretta, må tal abonnenteiningar langs ruta vera minst fire. Avstanden mellom dagens hentestad og ynskt hentestad må vera større enn 150 m. Søknad om oppretting av ny rute skal vurderast av SIM.

SIM stiller til rådvelde for abonnent dei behaldarar, fellesbehaldarar og konteinrarar renovasjonsordninga til ei kvar tid krev. SIM leverer ut, reparerer og skifter behaldarar når det trengst.

Hushaldsavfallet skal hentast med fastsette intervall. Dette kan fråvikast i situasjonar med streik eller force majeure, ved rørlege helgedagar og dessutan ved ekstraordinære tilhøve som krev oftare avfallstømming. Dersom sjåføren i medhald av vegtrafikklova finn å ikkje kunna utføra oppdraget grunna manglande tryggleik, kan tømming bli utsett. I slike tilfelle vil SIM finna avbøtande tiltak.

Kommunen skal i god tid kunngjera planlagde endringar i henteintervalla, og elles informera abonnentane om endringar i abonnementstilhøva og kostnadskonsekvensane av dei.

Renovatøren pliktar å ta med avfall som er lagt i godkjent behaldar, så sant avfallet tilfredsstiller krava i § 8 og er sortert i samsvar med gjeldande renovasjonsordning.

Feilsortert avfall eller mangefullt sortert avfall skal renovatør ikkje ta med på den ordinære henteruta. Abonnent må evt. sortera avfallet til neste hentedag.

Oppsamlinga skal gå føre seg på ein måte som medfører minst mogeleg ulykke med omsyn til støy, lukt, søl o.l.

Etter oppsamling skal renovatør setja behaldaren tilbake til hentestaden (eller den avtalte oppstillingsplassen) med evt. lok lukka, og gjera bruk av sikringsordningar som er etablert for å hindra behaldarane i å koma på avvegar i vind etc.

Søl frå tømminga skal fjernast av renovatøren. Dette gjeld også søl på returpunkt for (kjelde-)sorterte avfallsfraksjonar som abonnenten sjølv må bringa til mottak, og på miljøsentralane.

For rekkjehus, blokker, seksjonerte eigedomar, buretslag og liknande tett busetnad, og for hytter, fritids-eigedomar, utleigehytta, campingplassar mm, kan kommunen påleggja fleire abonnentar eller abonne-menteiningar å bruka fellesbehaldarar og/eller konteinrarar. Dette gjeld også abonnentar som bur slik til at bobilens ikkje kjem fram og vegstandarden gjer at det vil vera vesentlege problem med å få behaldarane fram til hentestaden.

Fleire abonnentar kan også, etter eige ynske og etter avtale med kommunen, gå saman om fellesbehaldarar.

Dersom det viser seg at avfallshandsaminga ikkje vert forsvarleg, kan kommunen innanfor ramma av lovverket og denne forskriftena påleggja abonnentane andre ordningar enn dei som går fram av gjeldande renovasjonsordning.

### § 5. ABONNENTEN SINE PLIKTER

Abonnenten pliktar å følgja dei vedtak som kommunen har fatta om renovasjonsordninga og kjeldesortering

Abonnenten er ansvarleg for at plasseringa og bruken av behaldarane skjer i samsvar med denne forskriftena.

Abonnenten er den økonomisk ansvarlege part i høve til kommunen.

Henting av avfallet skjer i tida frå kl. 06.00 til kl. 22.00. For å ha krav på innsamling, pliktar abonnenten å setja rett behaldar fram til køyreveg veg innan kl. 06.00 tømmedagen. Behaldaren skal vera opplåst tømmedagen og stå ute til han er tømt.

Abonnenten skal bringa behaldaren tilbake frå hentestad til oppstillingsplass same dag som tømminga har funne stad.

Abonnenten er ansvarleg for å motverka at born leikar med behaldarane, også fellesbehaldarane, og skal sikra at born ikkje kan koma opp i eller verta skadde av større fellesbehaldarar som er stilt til rådvelde.

Abonnenten er ansvarleg for at behaldaren vert halden rein i samsvar med krav frå kommunehelseansvarleg, og dessutan for å fara fint med han.

Abonnenten er ansvarleg for å motverka at behaldaren valdar skade ved at han kjem på avvegar frå oppstillingsplass eller hentestad. Skade som følge av manglande sikring er abonnenten sitt ansvar etter gjeldande rett.

Abonnenten skal sortera avfallet slik renovasjonsordninga til ei kvar tid krev. Ved manglande eller mangelfull sortering vil renovatør varsle om dette og ikkje ta med avfallet på den ordinære ruta.

Abonnenten skal syta for naudsint reinhald av hentestad og oppstillingsplass, jfr. likevel § 4 om renovatøren sitt ansvar for å fjerna sòl.

Kjeldesortert avfall som det er etablert mottaksordning for, og som det ikkje er henteordning for, skal bringast til miljøsentral eller returpunkt.

På miljøsentralen, returpunktet eller hentestaden skal abonnenten ikkje setja avfall utanom konteinaren/behaldaren. Abonnenten er økonomisk ansvarleg for opprydding i slike høve.

Eigar av eigedom med aktivitet som etter denne forskrifta skulle tilseia at eigedomen var med i den kommunale renovasjonsordninga, og som ikkje står i gebyrregisteret til kommunen, har plikt til å mælda frå til kommunen om tilhøva. Han står også ansvarleg for alle kostnader dette medfører i medhald av denne forskrifta.

Eventuelle endringar i abonnementforhold, som eigarforhold, innflytting, fråflytting, nedriving, brann osb., skal straks meldast skriftleg til kommunen. Gebyrplikt gjeld til melding er motteken.

## § 6. BRUKAREN SINE PLIKTER

Dersom brukar av renovasjonsordninga og abonnent ikkje er same juridiske person, har brukar same plikter som abonnent, med unnatak av det økonomiske tilhøvet til kommunen.

## § 7. PLASSERING AV BEHALDARAR OG KRAV TIL VEG

Hentestaden skal liggja ved køyrbar veg, der bosruta går. SIM skal kunna godkjenna - og kan krevja utbetring av - hentestaden i samsvar med krava til oppstilling av behaldarane.

På hentestaden skal behaldaren plasserast lett tilgjengeleg på eit plant og fast underlag i bakkenivå. Det skal avsetjast tilstrekkeleg areal til behaldarar,

samt manøvreringsareal for desse. Tilkomsten skal vera fri for hindringar som kan gjera hentinga vanskeleg, slik som tersklar, trappetrinn, parkerte bilar, brøytekantar osb.

På oppstillingsplassen skal behaldaren plasserast slik at han ikkje er til ulempe for nabo med omsyn til lukt eller sòl, og slik at han er verna mot vind og vêr, og åtak frå skadedyr, fugl mm. Plassert innomhus, skal rommet behaldaren står i vera lufta.

Vegstandard, vedlikehald, tilkomst, utforming av hentestad osb. skal tilfredsstilla kommunen sine krav. Godkjent bruk av privat veg etter skriftleg søknad, skal regulerast i skriftleg avtale mellom veigeigar og kommunen. Retningsliner for køyreveg for renovasjonsruter skal leggjast til grunn, jfr. vedlegg 1.

Etter særskilt avtale og godtjersle kan oppstillingsplassen heime verta definert som hentestad.

## § 8. BRUK AV BEHALDARAR

Det skal berre nyttast behaldarar som SIM skaffar til vegar og plasserer ut, og som har godkjent merking og identifikasjon. Behaldarane tilhøyrer SIM og må berre brukast til oppsaming av den type avfall dei er merka for.

Behaldarane er registrerte på den einskilde eigedomen og følgjer denne. Dei skal ikkje fjernast frå eigedomen ved eigarskifte.

Bortkomne eller øydelagde behaldarar utover normal slitasje skal erstattast økonomisk av abonnent.

Behaldaren må ikkje fyllast meir enn at evt. lok kan lukkast tett til, evt. at «muleband» kan knytast, slik at hygieniske ulempar eller sòl ikkje oppstår. Avfallet må ikkje pakkast fastare enn at behaldaren lett kan tömmast, evt. sekk kan verta løfta og kasta i bilen. Sekk må sikrast mot skade frå fugl, katt mm.

Vekta av avfallet bør ikkje overstiga 30 kg per 140 l dunkvolum, eller 15 kg per sekk.

Skarpe eller knuselege ting etc. skal vera forsvarleg innpakka før plassering i behaldaren. Avfall som kan gje støvplage under innsamling må emballerast. Varm oske må avkjølast heilt før ho vert emballert og lagt i behaldaren.

Farleg avfall skal bringast til miljøsentralen eller til annan, nærmere kunngjort henteplass eller mottaksordning. Farleg avfall skal ikkje leverast blanda med anna avfall.

Flytande avfall skal ikkje leggjast i behaldaren. Vidare må det ikkje leggjast større metallting, stein og jord, større mengder hageavfall, sand, grus eller bygningsavfall. I behaldaren må det heller ikkje leggjast etsande avfall, eksplosivt avfall eller avfall som kan sjølvtenna.

Konteinarar som er meint for hytter og fritidshus, skal ikkje brukast av fast busette, verksemder, utleigehytter eller anlegg for turisme.

## **§ 9. SPESIELLE OPPSAMLINGS-ORDNINGAR**

Det vert arbeidd med å fremja utvikling av meir effektive oppsamlingsordningar for spesielle situasjonar. I slike høve kan anna enn standard behaldarar og system tillatast.

Ved organisert innsamling av spesielle avfallstypar med tanke på attvinning, eller for å løysa eller førebyggja avfalls- eller forureiningsproblem, kan kommunane avgjera at dette avfallet skal haldast skilt frå resten av avfallet, og samlast opp i eller leverast til eigne behaldarar.

I denne forskrifta vert det fastsett separat innsamling/ innlevering for dei fraksjonar som til ei kvar tid er vedtekne.

Separat innsamling av andre fraksjonar kan innførast ved rullering av avfallsplan eller ved særskilt vedtak i kvar enkelt kommune.

I eigne vedlegg til denne forskrifta kan det gjevast særreglar for handtering av særskilte avfallsfraksjonar. Særreglane skal godkjennast av kommunen.

## **§ 10. HEIMEKOMPOSTERING**

Der det ligg til rette for det, kan abonnenten velja å kompostera matavfallet sitt sjølv. Heimekompostering som del av renovasjonsordninga forutset skriftleg avtale mellom kommunen og abonnenten. For å få slik avtale må abonnenten dokumentera at han har tilfredsstilende kunnskap om bruk av godkjent varmekompostbinge og korleis sluttproduktet skal disponerast. Kompostbingen må vera isolert, slik at det går an å kompostera om vinteren, og sikra mot at fuglar, gnagarar og andre dyr kan koma til avfallet. Kommunen skal kunne kontrollera kompostbingen og at komposteringa føregår i tråd med retningslinene i avtalen. Ved ulemper kan kommunen inndra løyet til å heimekompostera.

# KAPITTEL 4

## INNSAMLING AV SLAM FRÅ SLAMAVSKILJARER, TETTE TANKAR MV

### § 11. KOMMUNEN SINE PLIKTER

Slam frå slamavskiljarar og tette tankar for sanitært avløpsvatn frå fastbuande og hytter, skal hentast med dei intervall som går fram av «Forskrift om begrensning av foreurensning», §12-13. Slamtankar for hus skal tømmast minst annakvart år, for hytter minst fjerdekvart år. Praktisk intervall kan ymsa med 4 månader på kvar side.

Det er råd å tinga ekstratømming utanom ordinær rute. Eksteratømming vert fakturert særskilt og i tillegg til gebyret ved den ordinære tømmingen.

Slam frå større, kommunale slamavskiljarar og reinse-anlegg, og større private anlegg, skal hentast i samsvar med krava i utsleppsløyvet.

Kommunen kunngjør ny tømmerunde i rimeleg tid. I tillegg skal den fastbuande abonnenten varslast skriftleg med tømmevarsel i postkassa minimum éi veke før tømmingen. Fritidshus- og hytteabonnementar skal varslast skriftleg med adressert post i rimeleg tid før tømmingen tek til.

Kommunen kan iverksetja andre varslingsordningar som kommunen finn meir tenleg.

Oppsamlinga skal gå føre seg på ein måte som medfører minst mogeleg ulykke med omsyn til støy, lukt o.l.

Renovatør har rett til å plassera det utstyret som trengst på eigedomen for å få gjennomført tømmingen. Etter oppsamling skal renovatør leggja lok attende på slamavskiljaren, lukka portar og gjera bruk av sikringsordningar som er etablerte for å hindra nokon i å koma ned i slamavskiljaren.

Søl frå tømmingen skal fjernast av renovatør. Dette gjeld også søl på omlastepunkt for slam og utsleppsstad for rejektvatn.

Skade på eigedom som følgje av renovatøren si fram-ferd, skal dokumenterast. Renovatøren er ansvarleg for utbetring av, eller utbetaling av erstatning for, slik skade. Dette gjeld ikkje dersom vegeigar, bruksretts-innehavar eller vegstyre har påteke seg dette ansvaret, jmfr. «Fråsegn om rett til bruk av privat veg».

### § 12. ABONNENTEN SINE PLIKTER

Abonnenten pliktar å melda seg inn i den kommunale slamtømmeordninga, og sjå til at han til ei kvar tid er innmeldt.

Abonnenten skal syta for at anlegga som skal tømmast er lett tilgjengelege for tømming med slamsugebil eller anna utstyr som slamtømmeordninga til ei kvar tid disponerer. Det må ikkje etablerast hindringar som gjer det vanskeleg å tømma.

Abonnenten skal grava fram alle lok som ikkje ligg i dagen og evt. fjerna snø, is etc frå lok på slamavskiljar/tett tank i god tid før tømmingen.

Abonnenten skal merka slamavskiljaren med merke-lapp, påført gnr og bnr, og eventuelt laga vegviseskilt dersom slamavskiljaren/tanken ligg vanskeleg til.

Abonnenten er ansvarleg for å sikra loka i samsvar med krava i brønnlova. Sikringa må ikke vera til hinder for tømmingen.

Dersom lokka ikkje er gravne fram, og heller ikkje vert gravne fram etter nytt varsel og ny frist, vert tømminga rekna som utført. Det same gjeld dersom abonnenten nektar renovatør å koma til slamavskiljaren eller den tette tanken. Abonnenten må i så fall betala for tilbodet. Kommunen skal ha varsel om tilhøva og kan påleggja tømming, som då vil verta fakturert etter medgått kostnad, med minum gebyr som for ekstratømming. I slike høve kan kommunen kalla attende utsleppsløyvet.

# KAPITTEL 5

## GEBYR

### § 13. OPPBYGGING AV GEBYRA

Avfallsgebyret/slamgebyret skal fullt ut dekka kostnadene med innsamling, transport, mottak, oppbevaring, behandling, etterkontroll m.v. av avfallet/slammet. Gebyrinntektene må ikke overstige kommunen sine kostnader.

Gebrysatsane skal byggjast opp slik at dei i hovudsak speglar dei reelle kostnadene med kvar av delenestene renovasjonsordninga og slamtømmeordninga gjev tilbod om. Satsane skal i hovudsak vera basert på levert mengd.

Avfallsgebyra kan differensierast for å motivera til

- Redusert avfallsmengd
- Auka sortering og attvinning
- Meir effektiv avfallsinnhenting

### § 14. FASTSETJING AV GEBYR OG KVEN SOM SKAL BETALA GEBYR

Kommunestyret fastset avfallsgebyr og slamgebyr årleg.

Gebyr skal betalast av den som eig ein eidegom som vert omfatta av ordning for innsamling av avfall eller tömming av slamavskiljar, privat m.v. Dersom eidegomen er festa bort for 30 år eller meir, skal likevel festar svara gebyret om ikkje anna er avtalt. Det same gjeld når festar har rett til å få festet forlenga, slik at den samla festetida vert meir enn 30 år.

For tilbodet om renovasjonsordning skal abonnementen betala avfallsgebyr til kommunen for kvar abonnementeinig.

For tilbodet om slamtømmeordning skal abonnementen betala slamgebyr til kommunen. Abonnementen skal som minimum betala minstegebyr etter gjeldande forskrift for krav til teoretisk storleik på slamavskiljar. For felles slamavskiljarar som kommunen kan godkjenna og som ikkje tilfredsstiller krava til storleik, skal kvar tilkopla eining svara gebyr tilsvarende minimums-gebyret for eininga.

Hytter, firmahytter, rorbuer osb som vert brukte til uteleige, skal ha renovasjonsordning som fastbuande, og også betala gebyr som fastbuande.

Betalingssatsar for innlevering av avfall til miljøsentralane vert fastsett av SIM.

I spesielle høve kan SIM fastsetja gebyr.

### § 15. INNKREVJING OG RENTER

Avfalls- og slamgebyr med oppsamlade renter og kostnader er sikra ved lovbestemt pant etter pantelova § 6-1. Om renteplikt ved for sein betaling, og inndriving av gebyra, gjeld reglane i lov av 6. juni 1975 nr. 29 om eidegomskatt til kommunane §§ 26 og 27 tilsvarande.

# KAPITTEL 6

## DISPENSASJONAR, SANKSJONAR, KLAGER MV.

### § 16. DISPENSASJON

Kommunane kan gje dispensasjon frå §§ 7 og 8 i denne forskriften. Abonnenten pliktar å informera kommunen dersom grunnlaget for tildelt dispensasjon vert endra. Det kan stillast vilkår for dispensasjonen. Vilkåra må i tilfelle liggja innanfor føremålet med denne forskriften.

### § 17. SANKSJONAR

Kommunane kan påleggja abonnenten å auka behaldarvolumet dersom dette er naudsynt for å sikra tilstrekkeleg sortering av avfallet, eller for å hindra at avfallet vert oppbevart eller disponert på ein uheldig måte.

Kommunen kan for abonnenten si rekning påleggja ekstra henting av avfall som ikkje er sortert i samsvar med gjeldande avfallsordning.

Pålegg om opprydding mm og betaling vert handsama i samsvar med § 37 i forureiningslova.

Brot på forskriftene vert straffa med böter etter forureiningslova § 79, 2. ledd.

Dersom abonnenten ikkje oppfyller opplysningsplikta, eller gir feil opplysningar, slik at det vert betalt for lågt gebyr, kan kommunen foreta ei avrekning tre år bakover i tid.

Dersom fritak vert innvilga på grunnlag av ukorrekte eller manglande opplysningar frå abonnent, kan kommunen etterfakturera frå fritaksdato.

### § 18. KLAGE

Vedtak heimla i denne forskriften kan påklagast dersom vedtaket er eit enkeltvedtak, jfr. forvaltningslova § 2b og forureiningslova § 85. Klagen vert handsama etter forvaltningslova sitt regelverk, jfr. forvaltningslova kap. VI. Klagen vert sendt til det forvaltningsorgan som har fatta vedtaket.

### § 19. DELEGERING

SIM er kommunen sitt utøvande organ for gjennomføring av renovasjonsordninga og slamtømmeordninga i samsvar med selskapet sine vedtekter og kommunale einskildvedtak.

Mynde i samsvar med ovannemnde vert lagt til SIM i samsvar med forureiningslova § 83, 2. ledd.

Utarbeidd 21. juni 2007.

# **Utforming og vedlikehald av nye vegar som skal nyttast til innsamling av hushaldsavfall og slamtømming**

Både offentlege og private vegar kan nyttast til innsamling og transport av hushaldsavfall og slam. For offentleg vegnett gjeld formelle krav etter veglov, forskrifter og vegenormaler mv. Her er ansvarstilhøva formaliserte, og krav om vegutbetring/klassifisering skal gjennomførast etter formelle reglar. Private vegar manglar ofte slike formelle føresetnader. For desse er det naudsynt med ei avklaring før vegen kan nyttast av renovasjonskjøretøy.


Retningslinene er utarbeidde for å

- avklara ansvarstilhøva mellom veigeigar og transportør av hushaldsavfall/slam
  - oppnå optimal trafikktryggleik
  - sikra trygg og rasjonell framkomst for renovasjonskjøretøy
  - oppnå lik praksis for vurdering av vegar

# Retningsliner / vegkrav

## § 1 Om retningslinene

Retningslinene er eit uttrykk for minstestandard for vegar som skal nyttast i samband med innsamling av hushaldsavfall og slam. Retningslinene er utforma med heimel i renovasjonsføreseqnene, §§ 7, 10 og 11.



## Søknad om ny hentested

Søknad om ny hentested for hushaldsavfall må visa kva for gards- og bruksnummer som har tenkt å nytta hentestaden. Kart må vera vedlagt.

Krava i desse retningslinene må vera oppfylte, både for offentlege og private vegar. For private vegar må dessutan «Fråsegn om rett til bruk av privat veg» vera underteikna av vegstyre, eller vegeigar og vegrettshavar dersom det ikkje er etablert vegstyre. Vegar som ikkje stettar krava kan bli utelatne frå renovasjonsrute eller nekta innlemma i slik rute.

For private vegar må tilsyns- og vedlikehaldsplikta vera plassert og ivaretaken, jfr. veglova §54 og 55.

Det vert overlate til styret i SIM å treffa avgjerd etter retningslinene. Styret kan delegera si avgjerdsmakt til andre i same organisasjon.

## § 2 Krav til vegbanen

Vegbana skal vera jamm og med sidefall for avrenning.

Minste netto breidde a: 260 cm

**Skulder** b: nødvendig breiddde for trygg vegavslutning

Avstand til sidehinder c: 50 cm

Fri høgd h: 400 cm

Kurve med  $R < 30$  m skal ha utvida vegbane i samsvar med § 4.

## § 3 Krav til stigning

Max. stigning på rett strekning er sett til følgjande:

Veglengd inntil 100 m: 140 %o (1:7,1)

Veglengd større enn 100 m: 125 %o (1:8)

Stigning kombinert med kurve med  $R < 20$  m, er sett til max. 80 % (1: 12,5) Kravet gjeld for kurvelengd + 10 m fra kp. langs tangent til begge sider.

## § 4 Krav til kurve

Minste innerkurve er sett til  $R_i = 400$  cm

Minste ytterkurve er sett til  $R_y = 800$  cm

Det er sett følgjande krav til utviding av vegbane gjennom kurve:


$R_i > 30$  m: kurveutviding: 0,0 m

$R_i < 30 > 20$  m: « 0,3 m

$R_i < 20 > 10$  m: « 0,5 - 0,8 m

$R_i < 10 > 4$  m: « 1,0 - 1,5 m

Overgang langs kårde må tilpassast.



Krav til kurve § 4

## § 5 Krav til kryss og avkøyrsler


Ved kryss og avkøyrsler er det sett krav til innsvingsradius, vegutviding og vegfall i planum mellom tilstøytande vegar.

Krav i køreretning A - B:

Minste innsvingsradius  $R_i = 400$  cm

Minste radius langs ytterkant kryssande vegar  $R_y = 800$  cm

Max høgdeforskjell i køreretninga fra A til B, 15 m inn i kryssande veg, er sett til 1,5 m




Krav til kryss / avkøyrsle § 5

## § 6 Krav til areal snuplass

Radius innsvingskurve  $R_1, R_2 = 400$  cm

Bredde veg og snuplass  $a = 280$  cm

Lengd snuplass  $c = 1000$  cm



Krav til areal snuplass § 6

## § 8 Vedlikehald

Vegbane inkl. skulder skal vera rydda og vedlikehalden.

Ved glatt føre vinterstid, skal køyrebanen vera strødd.

Det kan setjast fram krav om at alt vedlikehald av vegen er knytt til vegstyre el.l., jmfr. veglova.

## § 9 Krav til sikring av veg

Vurdering av tryggleik er basert på vognormalane sine bestemmelser. Det kan setjast fram krav om utbetring for å oppnå naudsynt tryggleik og sikt langs vegbane.

# Fråsegn om rett til bruk av privat veg

Som eigar/bruksrettsinnehavar av, eller som vegstyre for, privat veg med snuplass fram til eigedomane

gnr / bnr ..... i ..... kommune,

gjev me med dette Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (heretter kalla SIM) rett til ferdslle med renovasjonskjøretøy for transport av avfall og slam frå våre eigedomar.

Me har lese retningslinene for utforming og vedlikehald av vegar som skal nyttast til innsamling av hushaldsavfall og slam, og stadfestar med dette at vegen oppfyller krava i retningslinene. Me tek på oss ansvaret for vedlikehald av vegbane med tilhøyrande grøfter, og andre innretningar knytt til vegen. Dette inneber også brøyting i full vegbreidd og strøing av glatte parti.

SIM, eller den som SIM nyttar til transport, kan ikkje påleggjast økonomisk eller juridisk ansvar for slitasje, deformasjonar i vegbane eller anna skadeverk som vert påført vegen, anlegg eller innretningar som er naturleg del av vegen. Akseltrykk er avgrensa til 8 tonn eller 12 tonn boggi.

## **SIM tek følgjande etterhald:**

1. Sjåfören kan la vera å køyra strekninga dersom han meiner vegbanen er for glatt, eller han meiner veg-vedlikehaldet er så dårlig at det kan oppstå fare for personar og/eller utstyr.
2. SIM eller kommunane kan setja andre krav til vegen i medhald av vedtekne retningsliner for vegstandard.

## **Underskrifter**

Dei underskrivne stadfester at alle grunneigarar og bruksrettshavarar har skrive under fråsegna.

1. For vegstyret (sjå nedanfor)

.....

(Dersom der er valt eit vegstyre etter veglova §§ 54 og 55, skriv vegstyret under fråsegna. Legg i så fall ved statuttar og utskrift av møtebok der dette bruksløyvet er handsama som sak.)

2. Grunneigarar av vegen (dersom det ikkje er valt vegstyre)

..... .....

..... .....

3. Vegrettshavarar (dersom det ikkje er valt vegstyre)

..... .....

# Søknad om fritak eller endring

frå renovasjonsordning og/eller slamtømmeordning

## 1. Opplysningar om søker

Namn .....  
 Adresse .....  
 Telefon .....  
 E-postadresse .....

## 2. Opplysningar om eigedom

Adresse .....  
 Kommune .....  
 Gnr/Bnr/Fnr/Snr .....  
 Bustadtype  Heilårbustad  Fritidsbustad/hytte  Anna (spesifiser).....

- Eg søker om fritak frå renovasjonsordning og/eller slamtømmeordning  
 Eg søker om å få endra renovasjonsordning og/eller slamtømmeordning

## 3. Årsak til søknad (kryss av og spesifiser)

- Huset skal rivast / er rive  
 Huset skal stå tomt (spesifiser på eige ark)  
 Utleigeleilegheit skal ikkje nyttast  
 Heile huset skal nyttast til eige bruk  
  
 Huset skal nyttast som fritidsbustad  
 Fritidsbustad skal leigast ut  
  
 Anna (spesifiser på eige ark)

## 4. Endrings-/fritaksperiode (kun samanhengjande periodar på frå 6 mnd og opptil 2 år)

Frå dato: ...../...../..... Til dato: ...../...../.....

Evt. kommentar: .....

Eg har lese, og samtykker i innhaldet i, "Forskrift for innsamling av hushaldsavfall og tömming av slamavskiljarar og tette tankar". Som eigar er eg ansvarleg for at kommunen til ei kvar tid har rette opplysningar om eigedom og abonnement. Eventuelle endringar i abonnementsforhold, som eigarforhold, innflytting, fråflytting, nedriving, brann osb., skal straks meldast skrifleg til kommunen. Gebyrplikt gjeld til melding er motteken.

Dersom eg som abonnent ikkje oppfyller opplysningsplikta, eller gir feil opplysningar, slik at det vert betalt for lågt gebyr, kan kommunen foreta ei avrekning tre år bakover i tid. Dersom fritak vert innvilga på grunnlag av ukorrekte eller manglende opplysningar frå abonnent, kan kommunen etterfakturera frå fritaksdato.

.....  
 Stad og dato

.....  
 Signatur

For kommunane Fitjar, Kvinnherad og Bømlo skal søknaden sendast til: SIM, Svartasmøget, 5419 Fitjar.  
 For andre kommunar: Send søknaden direkte til kommunen.

